



Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

Leknesvegen 259

5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/368 - 14/8279

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

04.04.2014

## Søknad om støtte til bedriftsutvikling

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påkliga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar



# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
40/14	Formannskapet	PS	03.04.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	FE - 223	14/368

## **Søknad om støtte til bedriftsutvikling**

### **Vedlegg:**

Årsregnskap 2012

Hillesvåg Wool Spinning Mill Feasibility study 151012

Hillesvåg Ullvarefabrikk Économusée\_Rekneskap

Søknad Næringsfondet 2014

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Lindås kommune støttar søknaden frå Hillesvåg Ullvarefabrikk med 250.000 kroner etablering av eit Economuse. Støtta skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

### **Formannskapet - 40/14**

### **FO - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FO - vedtak:**

### **Vedtak:**

Lindås kommune støttar søknaden frå Hillesvåg Ullvarefabrikk med 250.000 kroner etablering av eit Economuse. Støtta skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Formannskapet

### **Vurdering**

Hillesvåg Ullvarefabrikk anno 2014 er ei veldrive familieverksem – mot alle odds. Medan dei fleste fabrikkane i denne bransjen har flytta drifta si til lågkostland i Asia, har Hillesvåg Ullvarefabrikk vaks og endra seg i takt med tida. Heilt sidan starten i 1898, har familien Myhr prestert kunststykket å behalde produksjon og tilsette i landet. I dag er 18-20 personar tilsett på fabrikken, som i 2012 hadde eit driftsresultat på tre kvart millionar kroner.

Dei siste åra har Hillesvåg Ullvarefabrikk henta kundar frå både engros- og privatmarknaden. No satsar fabrikken på ei spissing, og vil i større grad rette seg mot dei private kundane. Vurderinga er særleg knytt til to faktorar: 1) Marginane i engrosmarknaden er svært små. 2) Strikking og anna handarbeid med ull er i tida, bransjen nyter godt av ei oppgangstid med auka merksem og stadig fleire «tilhengarar». Å fange merksemda til den private marknaden kostar meir både tid og pengar, men med betydeleg betre marginar, trur leiinga i Hillesvåg Ullvarefabrikk at dei nye strategiane vil løne seg.

Etablering av eit eit såkalla «Economusee» er eitt av svara på den nye strategien til ullvarefabrikken på Hjelmås. Museet vart etablert og opna i november i fjor, og er del av eit internasjonal konsept – som kombinerer kultur, handverk og turisme. I dag tel nettverket av Economuseear meir enn 100 verksemder. Då Hillesvåg opna dørene i fjor, vart fabrikken den åttande verksemda med denne tittelen i Noreg – den sjuande i Hordaland. Medlemmene frå Noreg driv med alt frå kustglas til båtbygging og eplesider. Felles for alle er eit ønske om å ta vare på og skape vekst og sysselsetting av gamle handverkstradisjonar. Dette gjer dei gjennom eit visningssenter, utstilling og sal av produkta. I Europa, er det Hordaland fylkeskommune som har ansvar for rekruttering til nettverket.

For å betre logistikken og forholda for dei besøkande og tilsette, har Hillesvåg Ullvarefabrikk oppgradert og bygd om fabrikkbygninga si. Sjølvé Economusee har fabrikken etablert i 2. etasje, der er det gamle lageret er utvida og bygd om til eit mottakssenter for omvising, formidling og butikklokale. **Med eigeninnsats, arbeid og innkjøp kom investeringa på litt over 1,1 millionar kroner. Det er denne investeringa Hillesvåg Ullvarefabrikk ønskjer at Lindås kommune skal støtte, gjennom tilskot frå næringsfondet. Totalt søker fabrikken om eit tilskot på 500.000,- til investeringar i prosjektet.**

Næringsfondet til Lindås kommune har følgjande kapitalgrenser:

1. Bedriftsutvikling, etablering og marknadsføring: 200.000,-
2. Investeringar: 250.000,-
3. Kommunale prioriterte prosjekt: 1.000.000,-

I vedtekten kjem det fram at kommunen kan støtte tiltak for omstilling/endring som bidrar til vekst og utvikling. Det står vidare at fondet skal nyttast i samsvar med prioriteringar i gjeldande strategisk næringsplan, og særleg støtte tiltak for «Industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeid». Satsinga til Hillesvåg Ullvarefabrikk treff fleire av tiltaka i strategisk næringsplan. Isolert sett, er etablering av museet eit tiltak for å ta ein større del av

marknaden, og sikre og utvikle bedrifa Hillesvåg Ullvarefabrikk. I eit større perspektiv, er prosjektet eit bidrag til å gjere Lindås og regionen til ein meir attraktiv stad å bu og besøke!

Erfaringstal frå dei første 17 Economuseea i Nord-Atlantaren, syner at alle får fleire besøkande, dei tener betre og ser meir optimistisk på framtida. For nokre veks omsetnaden med 85 prosent i løpet av tre år! For å hente ut potensialet og maksimere effekten til bedriftene i nettverket, tar Hordaland fylkeskommune ansvar for ei omfattande marknadsføring – her er Hillesvåg godt synleg!

- Ei internasjonal salsside for Economuseea over heile Nord-Atlantaren og Nord-Amerika er under etablering. Her kan Hillesvåg marknadsføre og selje produkta sine.
- Hillesvåg er med i fleire kampanjar/brosjyrer, og har eigne sider i ein felles brosjyre for Economuseea i Noreg.
- Hordaland fylkeskommune har fått på plass eit samarbeid med Tide Reise, som vil organisere dagsturar til Hillesvåg (og Lyngheisenteret).
- Fylkeskommunen har laga ein eigen film om Hillesvåg og publisert han på youtube.
- Hillesvåg og Lyngheisenteret er besøksmål nr 1 på ein stor internasjonal Unesco-konferanse i Bergen i mars.

I ein artikkel i fagbladet Kulturarven (Desember 2012) skriv Terje Inderhaug følgjande om verdien av nettverket: «Eit Economusee skaper nye ferieopplevelingar det er ein stigande etterspørsel etter: Autentiske opplevelingar, kunnskap om kultur-, natur- og handverkstradisjonar (...). I Noreg er Economusee blitt eitt av kulturformidlings- og kompetanseprosjekta innan tematurisme i NCE for reiseliv i Fjord-Norge. Både lokalsamfunn og turistnæring har no begynt å få verdiskapingseffekt, og høgare status gjennom Economusee, og interessa for konseptet er stigande.»

I lyset av desse erfaringane, vil satsinga til Hillesvåg Ullvarefabrikk har stor verdi – ikkje berre for fabrikken, men for reiselivsdestinasjonen Nordhordland og Lindås kommune. Næringsavdelinga rår difor til at Lindås kommune støttar satsinga med 250.000 kroner, som er maksgrensa for støtte til investeringar.